

SOSIALPEDAGOGISK PLAN

for Tryggheim ungdomsskule

Skuleåret 2020/2021

Målsetning:

Skulen skal ved førebyggjande tiltak fremja trivsel og tryggleik for alle elevar i skulekvardagen.

Skulen skal ha rutinar for avdekking og oppfølging av episodar med mobbing/vald.

Innhald

1.0 Førebyggjande tiltak	2
1.1 Tiltak som gjeld heile skulen	3
1.2 Samarbeid heim– skule.....	3
1.3 Sosiale tiltak.....	6
1.4 Elevrådet sitt ansvar	7
1.5 FAU sitt ansvar	7
2.0 Avdekking og oppfølging av episodar med mobbing og vald.	8
3.0 Internkontroll av Tryggheim ungdomsskule sitt arbeid med elevane sitt skolemiljø.	11
3.1. Lovgrunnlag.....	11
3.2. Kvalitetsmål som gjeld det fysiske og det psykososiale miljøet ...	12
3.3. Tiltak.....	12
3.4. Internkontroll/evaluering	<u>12</u> <u>13</u>
3.5. Ansvar og myndigheit	13
4.0 Oppfølging og revidering av planen.....	14
Kjelder	14

1.0 Førebyggjande tiltak

Det er ei overordna målsetting at alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Dette forutset at elevane kan få utvikla sin sosiale kompetanse, og at det er klare rammer for samarbeidet mellom alle som har sitt daglege virke i skulen. Ansvaret ligg både på skulen og i heimen. Skulen har eit klart ansvar for det som skal skje på skulen. Men skulen har og store moglegheiter for å setja i gang positive prosessar i samarbeidet heim – skule. Alle foreldre er ressursar for sine born sosialt og fagleg. Med denne vinklinga kan den einskilde lærar ha moglegheit til å påverke i positiv retning i forhold til dei einskilde heimane.

Det føregår mykje viktig arbeid for å nå den overordna målsetjinga integrert i den daglege undervisninga. Det handlar om arbeidsformer, formidling av haldningar eller det generelle samhandlingsklimaet i klassen. Denne delen av skulen sitt arbeid vil imidlertid ikkje koma fram i denne planen. Den omhandlar det som inngår i skulen sine faste rutinar som spesielt målretta tiltak mot klassemiljø, skulemiljø og gjennomføring av vedtekne reglar. Det er desse som inngår i denne planen. Kven som er ansvarleg for gjennomføringa kjem fram i dei einskilde punkta.

Planen er forpliktande i den grad han let seg gjennomføra i praksis. Alternative trivselsfremjande tiltak basert på forslag eller spesielle ynskjer frå foreldregruppa i den einskilde klassen, er verdfulle. Foreldra sitt samarbeid seg imellom og med skulen fremjar tryggleik og trivsel for elevane.

Dei tiltaka skulen set i verk for å fremja tryggleik og trivsel i skulemiljøet, er forankra i så vel sentral lovgiving og kommunale bestemmingar, som interne reglar og retningslinjer.

1.1 Tiltak som gjeld heile skulen

I kvar pause er det lærarar, miljøterapeutar eller fagarbeidrarar som har vakt. Vaktene skal alltid ha på seg gule refleksvestar.

- Det er to vakter frå kvart av trinna som har ansvar for vaktene i alle friminutt. (6 stk. totalt)
- Vaktene er fordelt på ulike område.
- I tillegg er det nokon i personalet som har ansvar for å halda eit spesielt auge med einskildelever. (Desse kjem i tillegg til dei «vanlege» vaktene)
- Frå kvart av trinna er det og sett opp ei ekstravakt som går inn dersom ein av dei som er oppsette til å ha vakt er borte frå arbeid.

I matpausen et alle elevar i matsalen på vidaregåande. Der er det 6 stk. frå personalet som har vakt. I tillegg er det og fleire andre vaksne som et der kvar dag og som hjelper til med vakthaldet.

Andre tiltak som gjeld heile skulen:

- ✓ Samtale i klassane om klassemiljø
- ✓ Klassane lagar klasseregler
- ✓ Skulen sitt reglement og felles reglar for trinnet gjer ein kjent for elevane. Oppfølging av dette, samt konsekvens ved regelbrot skal handhevast likt for alle.
- ✓ Klassane har ordningar med ordenselevar. Dei har reglar som gjeld arbeidsoppgåvene.
- ✓ Elevane får servert lunsj i kantina 5 dagar i veka. Det er alltid 6 i personalet som et saman med elevane. Dei vaksne har ansvar for at det er ro og orden i matsalen. Dette er ein viktig sosial arena for elevane.
- ✓ Elevane får servert frukt 5 dagar i veka. Frukta et ein i siste friminutt.
- ✓ Heile skulen arbeider med Smart kompetanse

1.2 Samarbeid heim– skule

Rutinar for samarbeid skole – foreldre/føresette:

1. **Før skulestart.**

Før skulestart skal kontaktlærarane ta kontakt med kvar av heimane for å høyra om det har skjedd spesielle ting i løpet av sommaren som vil vera viktig for skulen å kjenna til.

Er ein ny som kontaktlærar er det viktig at ein får oppretta ein god kontakt med heimen før eleven byrjar på skulen.

Dersom foreldra ikkje bur saman, må ein avklara korleis dei ynskjer at informasjon skal bli sendt til dei og korleis dei ynskjer at ein på best mogleg måte skal få til eit godt samarbeid.

Kan foreldra koma i lag på utviklingssamtalane eller ynskjer dei samtale kvar for seg?

2. Foreldremøte.

Det skal arrangerast foreldremøte kvar haust for alle trinn.

På dette møtet tek ein opp:

- ✓ Skulen sitt ordensreglement
- ✓ Læreplanen
- ✓ Aktivitetsplikta §9A og vaktplanen
- ✓ Skulehelsetenesta
- ✓ Karakterar
- ✓ Sosialpedagogisk plan
- ✓ Samarbeid heim – skule
- ✓ Visma og Canvas

- Klasselister ajourførast med telefon, mail og adresse
- Foreldre/føresette får informasjon om adressar og nummer slik at alle er kjent med korleis dei kan nå skulen/lærarane pr brev, e-post og telefon. Desse opplysningane må med i referat frå møtet.
- All «ranselpost» som elevane får med seg heim skal og sendast ut til foreldre/føresette på e-post. Dette har kontaktlærarane ansvar for.
- Ein vel to FAU representantar frå kvart trinn. Valet skal vera på foreldremøtet.

3. Utviklingssamtalar.

Kontaktlærarane kallar inn til to utviklingssamtalar per år. Ein samtale før haustferien og ein mellom vinterferien og påskeferien.

Ved behov kan skulen eller foreldra/føresette avtala fleire utviklingssamtalar.
Før samtalane skal lærarane ha lagt ut framovermeldingane i Visma.

4. Misjonskveld

Kvar år har skulen eit misjonsprosjekt som dei samlar inn pengar til. I samband med dette arrangerer 10.trinn ein misjonskveld for heile skulen der det er obligatorisk å koma for alle elevane og der foreldre/føresette blir bedt inn.

5. Julegudsteneste

Siste dag før jul arrangerer skulen julegudsteneste i Nærbø nye kyrkje. Gudstenesta er obligatorisk for elevane. Då er og foreldre/føresette velkomne.

6. Elev og foreldrekveld for 8.trinn.

I løpet av januar/ februar arrangerer 8.trinn ein elev- og foreldrekveld for alle elevane og foreldre/føresette på 8.trinn. Målet med kvelden er å skapa eit godt sosialt miljø blant elevane, men og mellom foreldra. På Tryggheim ungdomsskule startar det elevar frå mange ulike skular, og det er derfor viktig at og foreldra får sjå kven ungdommane deira går i lag med, og får møta dei andre foreldra.

7. Elev og foreldrekveld for 10.trinn.

I februar arrangerer administrasjonen og rådgjevar ei samling for alle elevane og foreldre/føresette på 10.trinn. Dette er ei obligatorisk samling for elevane

Målet med samlinga er å informera om:

- ✓ Søknadsprosessen og vidaregåande skule
- ✓ Eksamens
- ✓ Resten av skuleåret

8. Avslutningsfest for 10.trinn.

I juni arrangerer skulen avslutningsfest for elevane på 10.trinn. Dette er ein høgtideleg avslutningsfest med talar, underhaldning og god mat. Foreldre/føresette blir og invitert.

Foreldre og elevar på 9.trinn har ansvar for å servera og for å laga kaker til festen.

9. Temamøte

I tillegg kan det koma temamøte for foreldre.

Samarbeid med elevane.

- ✓ Formelle **elevsamtalar** minst 2 gonger per semester
- ✓ **Utviklingssamtalar** med elev og føresette 2 gonger pr år. Det skal formulerast skriftlege mål etter utviklingssamtalane.
- ✓ Det blir sett av ein time per månad til **klassens time**. Der bruker ein tida til:
 - saker frå elevane
 - eigenskapane til Smart kompetanse
 - klassemiljørarbeid
- ✓ **Elevråd.**
Det er elevrådsmøter ein gong per månad. Der møter ein representant frå kvar klasse.

Anna:

- ✓ Sosiallærar, rådgjevar og helsejukepleiar kan i tillegg til kontaktlærar bidra i samarbeidet mellom heimen og skulen ved behov.

1.3 Sosiale tiltak

Sosiale tiltak i 8.klasse.

- ✓ Samanristingstur til Holmavatn ungdoms- og misjonssenter i løpet av dei to første vekene av skuleåret. Hovudmålet er at elevar og lærarar skal bli kjent med kvarandre.
- ✓ Besøk på Limagarden
- ✓ Besøk på Vitengarden
- ✓ Misjonsfest for alle elevar og foreldre
- ✓ Elevfest for alle elevane på skulen
- ✓ 8.klasse deltek på skulegudstenesta før jul, der elevane har ei aktiv rolle i gjennomføringa av gudstenesta.
- ✓ Den kulturelle skulesekken 2 gonger i året.
- ✓ Kvart trinn disponerer 30 kroner per elev per skuleår til sosiale tiltak, som turar, skøytehall m.m.
- ✓ Tur kvar haust for heile trinnet
- ✓ Tur til Vitenfabrikken
- ✓ Deltek på misjonsløpet i mai

- ✓ Turnering/ idrettsdag i juni.
- ✓ Foreldrekontakte blir oppfordra til å engasjera foreldre til å bidra i arbeid med sosialt miljø, m.a. ved å invitera til vennegrupper

Sosiale tiltak i 9.klasse.

- ✓ Leirskule på Evjetun i oktober.
- ✓ Misjonsfest for alle elevar og foreldre
- ✓ Turdag for 9.trinn
- ✓ Elevfest for alle elevane på skulen
- ✓ 9.klasse deltek på skulegudsteneste før jul, der elevane har ei aktiv rolle i gjennomføringa av gudstenesta.
- ✓ Den kulturelle skulesekken 2 gonger i året.
- ✓ Deltek på misjonsløpet i mai
- ✓ Turnering/ idrettsdag i juni.
- ✓ Kvart trinn disponerer 30 kroner per elev per skuleår til sosiale tiltak, som turar, skøytehall m.m.

Sosiale tiltak i 10.klasse.

- ✓ Håtangen
- ✓ Misjonsfest for alle elevar og foreldre
- ✓ Turdag for 10.trinn
- ✓ Elevfest for alle elevane på skulen
- ✓ 10.klasse deltek på skulegudsteneste før jul, der elevane har ei aktiv rolle i gjennomføringa av gudstenesta.
- ✓ Den kulturelle skulesekken 2 gonger i året.
- ✓ Teaterbesøk
- ✓ Leirskule til Tonstadli
- ✓ Jærmuseet
- ✓ Deltek på misjonsløpet i mai
- ✓ Turnering/ idrettsdag i juni.
- ✓ Stranddag angåande Kunst og Handverk
- ✓ Kvart trinn disponerer 30 kroner per elev per skuleår til sosiale tiltak, som turar, skøytehall m.m.
- ✓ I juni arrangerer skulen avslutningsfest for elevane på 10.trinn. Dette er ein høgtideleg avslutningsfest med talar, underhaldning og god mat. Foreldre/ Føresette blir og innkalla.

1.4 Elevrådet sitt ansvar

Skulen har eit elevråd, og inspektør er ansvarleg for tilrettelegging og rettleiing. Elevrådkontakten er ansvarleg for å lage møteplan og kalle inn til elevrådsmøter. Elevrådet arbeider med saker som skulen sine elevar er opptekne av. Saker som elevrådet er engasjert i er:

- ✓ Fellesaktivitetar
- ✓ Evaluering av sosialpedagogisk plan
- ✓ Saker knyta til elevane sin trivsel på skulen

1.5 FAU sitt ansvar

- ✓ Ein representant frå FAU har møte- og talerett i skulestyret.
- ✓ Uteområdet, vedlikehald og opparbeiding i samarbeid med leiinga på skulen.
- ✓ Trafikktryggleik.
- ✓ Sosiale arrangement som 10.klassefest og temamøte.

2.0 Avdekking og oppfølging av episodar med mobbing og vald.

Alle tiltaka i kapittel 1, er retta mot at me skal førebyggja at elevar blir utsette for mobbing og vald. Samtidig som me arbeider for å fremja tryggleik og trivsel på alle klassetrinn, er det viktig å ha rutinar for å avdekkja tilfelle av mobbing og vald, samt å ha ein klar og forpliktande strategi for oppfølging av mobbar/valdsutøvar og offer.

Mobbing: En person er mobba eller plaga når han eller ho, gjentekne gonger og over ei viss tid, blir utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar. Ei negativ handling er noko ein eller fleire personar gjer med hensikt for å skade en annan. Det kan vera med ord, som når ein truar, hånar, seier stygge ting eller at offeret blir frose ut av kameratflokkene. Det kan vera meir handfast, som slag, spark eller at nokon held fast mot hans/hennar vilje.

Vald: Vald er eit bevisst overgrep på enkeltmenneske si fysiske helse med intensjon om å skada. Vald kan ofte vera eit av elementa i ei mobbesak.

Tiltak ved mobbing:

1. Dei tilsette på skulen som blir kjent med at mobbing har føregått, tek kontakt med skulen si leiing.
2. Mobbeoffer og den/dei som har utøvd mobbing har samtaler kvar for seg hjå leiari/inspektør/kontaktlærar/rådgjevar.
3. Leiinga på skulen tek kontakt med dei føresette til elevane. Dei føresette blir heile tida informert og deltagande i det som skjer.
4. Leiari har ansvar for at det blir sett opp ein plan for oppfølging, både for mobbar og mobbeoffer.
5. Skulen følger Opplæringslova sine retningslinjer for Aktivitetsplikt og utarbeidning av nødvendige aktivitetsplaner.

Tiltak ved vald:

1. Dei tilsette på skulen som blir kjent med at vald har føregått, tek kontakt med skulen si leiing.
2. Når ein elev har blitt utsett for vald, skal det fyllast ut skademelding, som ein sender vidare etter vanlege rutinar.
3. Skulen går igjennom sine rutinar etter at ein valdsepisode er skjedd. Endring av rutinar skjer etter evaluering på eige skjema. Leiari har ansvar for å gjennomføra eventuelle endringar i rutinar etter evalueringa.

Den som blir utsett for vald:

1. Dei føresette blir kontakta så raskt som mogleg. I samråd med dei bør eleven sendast til lege, sjølv om det ikkje er synlege spor etter vald. Eleven blir fylgt av føresett så sant me får tak i dei. Dersom det ikkje lukkast, av ein i personalet. Skulen har ansvar for å skriva skademelding. Dette blir gjort av administrasjonssekretæren.
2. Leiar tek ein samtale med han/ho som har blitt utsett for vald så raskt som mogleg. Det er viktig å markera at han/ho blir ivaretaken og kan rekna med trygge forhold når han/ho kjem tilbake til skulen.
3. Det er berre den fornærma eller pårørande som kan melda eit forhold, og dette må vurderast ved alvorlege tilfelle.
4. Leiinga på skulen tek kontakt med dei føresette og informerer dei om skulen si rolle og tiltak.

Den som utøver vald:

- Leiar kallar inn til samtale med elev, føresette og eventuelt andre som er viktige i saka. Forhold omkring valdsepisoden blir klargjorde. Skulen fortel om kva for tiltak og eventuelle vedtak som er sett/blir sette i verk.

Moglege reaksjonsformer frå skulen si side:

Mobbing eller vald fører til sanksjonar etter ordensreglementet som gjeld for Tryggheim ungdomsskule. Leiar saman med lærarane og føresette vurderer i kvart tilfelle kor strenge desse sanksjonane skal vera.

Døme på sanksjoner:

- Nedsett karakter i oppførsel
- Bortvising frå skulen resten av dagen
- Bortvising frå skulen frå 1 til 3 dagar
- Melding til barnevernet
- Melding til politiet

Dersom det gjennom avdekking av saka kjem fram behov for hjelpetiltak av ulik art, arbeider ein vidare med det som eiga sak. Leiar har ansvar for at nødvendige tiltak blir sette i verk.

SJEKKLISTE

Den som er utsett for vald:

- Den utsette eleven blir sendt til lege
- Kontaktlærar varslar dei føresette
- Leiar avtaler samtale med den utsette eleven

Den som utøver vald:

- Kontaktlærar varslar dei føresette
- Skulen vurderer reaksjonsformer overfor eleven
- Skulen og dei føresette vurderer om ein skal melda til politiet
- Samtale med valdsutøvaren og dei føresette

Ein fører protokoll og møtereferat i alle saker.

Sakshandsaminga skal vera etter krava i Opplæringslova § 9 A-3

3.0 Internkontroll av Tryggheim ungdomsskule sitt arbeid med elevane sitt skolemiljø.

3.1. Lovgrunnlag

Elevane sitt psykososiale miljø jf. friskulelova § 2-4 andre ledd, jf. Opplæringslova § 9 A-2.

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

I tillegg kan og andre lovar/forskrift bli nytta:

- Arbeidsmiljølova
- Forskrift i kommunehelsetenestelova om miljøretta helsevern i barnehagar og skular
- Plan og bygningsloven

3.2. Kvalitetsmål som gjeld det fysiske og det psykososiale miljøet

- Skulebygningar og uteareala er i ei slik forfatning at skolemiljøet ikkje skapar mistrivsel, helseproblem eller øydelegg elevane si læring.
- Elevane på Tryggheim ungdomsskule trivs og opplever tryggleik i skulekvardagen.
- Skulen har rutinar for avdekking og oppfølging av episodar med mobbing/vald.

3.3. Tiltak

Skulen skal etter lova aktivt driva eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremja eit godt fysisk og psykososialt miljø for elevane. Dette inneber at arbeidet må planleggast før dei einskilde tiltaka blir gjennomførde, og blir evaluerte i etterkant.

Fysiske forhold:

- Ein har årlege vernerundar med AMU, verneombod og elevrådsleiar.
- Vernerunden avsluttast eventuelt med avviksrapportering.
- Bygningsmassen og utearealet skal reparerast og vedlikehaldas i samsvar med dei rapporterte avvika.
- Beredskap som brannvern, førstehjelpsberedskap og smittevern blir ivaretakne i samsvar med til eigne prosedyrar.

Psykososiale forhold:

- Detaljerte tiltak for det sosialpedagogiske miljøarbeidet er beskrive i Sosialpedagogisk plan for Tryggheim ungdomsskule. Planen skal reviderast årleg. Den er ein viktig reiskap for å sikra både kontinuitet og systematikk i det sosiale miljøarbeidet. Planen skal kunne vera ein arbeidsreiskap for den einskilde lærer i løpet av skuleåret, samt gje ein oversikt over skulen sin totale innsats i arbeidet for eit godt sosialt miljø.

3.4. Internkontroll/evaluering

Elevundersøkinga:

Alle elevar ved skulen deltek i den årlege elevundersøkinga. Inspektør har ansvar for å samanfatta resultatet av elevundersøkinga. Resultatet av elevundersøkinga nyttar ein i arbeidet med å revidera årets sosialpedagogiske plan om våren.

I tillegg skal skulen ta omsyn til resultata av eventuelle klassemiljøundersøkingar som blir teke på dei einskilde klassetrinna.

Elevane sin deltaking i internkontrollen:

Elevrådet skal vera deltakande i arbeidet med evalueringa av den sosialpedagogiske planen.

Tiltak:

Når ein elev eller føresett har bedt om at tiltak blir iverksett noko som gjeld fysisk eller psykososialt miljø, har skulen v/leiar ansvar for å behandla saka etter bestemmingane om skulen si aktivitetsplikt, jf. Opplæringslova § 9 A-4. «*Aktivitetsplikt for å sikra at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø.*»

Både elevar og føresette kan klaga når dei meiner at skolemiljøet eller skalemiljøarbeidet ikkje oppfyller krava i §9 A-2 og §9 A-3. Klager kan ta direkte kontakt med Fylkesmannen, jf. Opplæringslova § 9 A-6. «*Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker*»

3.5. Ansvar og myndigheit

Norsk Luthersk Misjonssamband(NLM) er skuleeigar og styret for Tryggheim skular AS er ansvarleg for drift av skulen. Leiar har pedagogisk og administrativt ansvar. Leiar delegerer oppgåver til den einskilde tilsette. Utdanningsdirektoratet har tilsynsansvar.

4.0 Oppfølging og revidering av planen.

Gjennomføring av dei ulike tiltak oppsummerar og evaluerer ein årleg ved slutten av skuleåret. Denne evalueringa dannar grunnlaget for ei eventuell revidering. Leiар har ansvar for at dette blir gjennomført. Leiар sørger for at ein revidert plan er klar til påfølgande skuleår.

Kjelder

Skulen sine eigne dokument

www.kff-kss.no

www.udir.no

www.lovdata.no

«Handlingsplan for et trygt og godt skolemiljø for Nordborg skoler AS»